

## Høyring om hovudgudstenesta

### Uttale frå Time sokneråd

#### Spørsmål 1a: Kva verknad gudstenestereforma har hatt i vår kyrkjelyd.

I vår kyrkjelyd har me to ulike gudstenestefellesskap. Tankane om stadeigengjering, involvering og fleksibilitet har tatt noko som alt var i gang vidare.

Arbeidet med å laga lokal plan for gudstenesta førte til at fleire engasjerte seg i gudstenestetenkninga. Det førte i lita grad til store endringar, men heller til ei djupare forståing av kva gudstenesta er.

I Time kyrkjelyd valde me små endringar. Når me kjenner att fellesledda tek fleire del i dei. Me oppmuntrar fleire til å ta del i gudstenestefeiringa som medliturgar eller går inn i andre oppgåver knyt til gudstenesta. Reforma har styrka kyrkjelyden sin eigarskap til gudstenesta.

I Lye kyrkjelyd har gudstenestefeiringa i følgje avtaler hatt friare rammer og stor grad av involvering. Gudstenestereforma har i lita grad endra dette. Time sokneråd ønskjer å halda fram med den friare forma.

#### Spørsmål 1b: Kva har fungert godt og kva har fungert dårleg

Innleiande informasjon om gudstenesta fungerer godt. Det gjer og samlingsbøna, der me somme gonger brukar dagens bøn.

I våre gudstenestefellesskap har det og vore viktig med fridommen til å leggja nattverdverden tidleg i gudstenesta (lokal gudsteneste ordning).

#### Spørsmål 1c: Kva må me særleg vera merksame på framover?

Stadeigengjering, involvering og fleksibilitet er verdiar som verkar saman. Det er ikkje slik at ein kan setja dei opp mot kvarandre.

For oss er stadeigengjering eit ja til den lokale kulturen eller veremåten. No finst det ikkje noko eintydig lokal kultur nokon stad, men det er viktig at menneske kjenner seg velkomne i kyrkja som dei dei er og at kyrkja har rom og aksept for deira uttrykk. Nå me bed nokon involvera seg i gudstenesta må dei få vera seg og ikkje måtta gå inn i ei rolle..

Når menneske seier at gudstenesta var inkluderande er sjansen stor for at den og var stadeigen og fleksibel. Spørsmålet om i kva grad gudstenesta er trustyrkjande blir reist. Me trur at ordet trustyrkande fort blir forstått som noko for tanken. Sjølv sagt er det viktig å bli flinkare i formidlinga her. Men trustyrkande handlar og om det som skapte tillit, gjer at ein ber ei bøn eller hjelper einkvan, eller vågar å ta imot nattverden. Ei einsidig intellektuell forståing av tru er noko som gudstenestereforma ville endra. Me trur at me eit stykke på veg har lykkast i det.

#### Spørsmål 1d: Treng kyrkjelyden ulike former for gudstenester?

Ja, kyrkja har bruk for eit variert gudstenesteliv med ulike former for gudstenester. Mange stader, kanskje dei fleste stader, må dette skje innanfor hovudgudstenesta. Det gjeld hos oss der me ikkje har ressursar til å halda mange gudstenester på ein søndag. Då er det viktig at ordninga ikkje står der med absolutte nei og krav om at slik må dokker gjera. Lat heller ordninga vera og fungera som ein grunnmeny som sikrar næringsinntaket, men ikkje står i vegen for utvalde smårettar.

Kyrkja må stola på at kyrkjelydane med sine tilsette gjer kloke val. Det ber med seg ein risiko, for noko kan gå galt. Men å binda kyrkjelydane til ei ordning prega av regelstyring det må gå galt.

#### Spørsmål 2 Treng ordninga for utarbeiding av lokal grunnordning justerast eller presiserast?

Det bør koma eit vedtak om at biskopen kan godkjenna gudstenester som vik frå normalordninga.

#### Spørsmål 3e: Skal samlingsbøna vera eit valfritt ledd?

Ja.

Det må derimot ikkje koma absolutte føringar som at kyrkjelyd skal stå, til dømes under inngangssalmen. Formuleringar som «kan stå» eller «står til vanleg» er betre.

#### Spørsmål 3f: Framlegg til endring og kommentarar til leddet syndsvedkjenning.

Den gamle syndsvekjenninga hadde: «For Jesu Kristi skuld». Den nye syndsvedkjenninga bør og knyta tilgjevinga og det nye livet til Jesus Kristus. Framlegg: «For Jesu Kristi skuld, tilgjev oss og set oss fri ....»

#### Spørsmål 3i: Skal dagens bøn vera obligatorisk?

Nei, og den bør framleis vera eit valfri, på same måte som inngangsbøn

#### Spørsmål 3j: Kommentarar til høyringstema 3

Liturgien kan lett verta ordrik. Det må vera rom for å korta inn, spesielt når det er dåp i gudstenesta. Det er i mindre grad eit spørsmål om tid, heller eit spørsmål om kor ordrikt det er tenleg å møte menneske. Det er viktig at mange ledd har kan, ikkje skal, som vegleining.

#### Spørsmål 4 Endringsforslag eller kommentarar til del II, Ordet.

Halleluja før evangelielesing bør ikkje vere obligatorisk og det bør framleis vere mogleg å velje ei salme her. Dette er snakk om stadeigengjering.

Synsvedkjenning. Det verkar rart at den står som eit underpunkt under pkt.16. Sjølv om kunnngjeringar vert flytta til annan stad skal vel syndsvedkjenninga vera her.

Me vil og peika på at det framleis må vera rom for å ha bønemandring samstundes med nattverdutdelinga. Me har god erfaring med dette, det aukar deltakinga i nattverden og skapar nye tankar og ny praksis i bøn.

#### Spørsmål 5a: Nattverd, bruk av særkalk og dypping, bruk av knefall eller ståande.

I våre gudstenestefellesskap vekslar me mellom utdeling på gamlemåten (knefall,oblat og særkalk) og utdeling ståande med dypping ( utan særkalk). Ein gong i år året, ungdomsgudstenesta påskennatt praktiserer me knefall med dypping. Me oppfattar utdeling med knefall som ein viktig handling. Kor elles bøyer me oss for Gud? Ståande nattverd senker grensa for å ta del i nattverden. Me bruker dette medvite i trusopplæringsgudstenester. Nokre gonger tel og tidsbruken ei rolle. Innholdsmetta handlingar må me forklara. Det er ikkje sjølvinnlysande at bruk av særkalk held fast preget av å eta og drikka. Oblaten hjelper heller ikkje til for å skapa det preget.

#### Spørsmål 5b Kommentarar til val av ord.

Hans eller din herlegdom vil i begge formar oppfattas som Guds herlegdom. I tiltale er din mest naturleg.

Kropp eller lekam er begge ord i bruk sjølv om lekam nok er på veg ut i yngre generasjonar. Kropp er daglegtale. Lekam har tradisjon og tru vedkjenninga brukar lekam. Greitt å veksle.

Kalk er eit ukjent ord for unge menneske. Greitt å følgje bibelomsetjinga.

Spørsmål 5c Skal takkofferet vera ein del av nattverdsliturgien.

Ja

Spørsmål 5e: Kommenterar eller endringar til ledd 19 og 20

Støtter framlegget.

Spørsmål 6 Kommenterar eller framlegg til endring i nattverbønene.

Støtter framlegget slik det ligg føre på bokmål. Korleis dette blir på nynorsk har me ikkje grunnlag for å meina noko om.

Spørsmål 7: Kommenterar eller framlegg til endring av del IV

Det bør vera rom for at kyrkjelyden sit under Salme (22).

#### **Hovudpunkt i uttalen frå Time sokneråd.**

Det er viktig å halda fast på verdiane fleksibilitet, involvering og stadeigengjering. Desse verdiane spelar på lag. Følgjande setningar samlar vår meining:

Lat ordninga vera og fungera som ein grunnmeny som sikrar næringsinntaket, men ikkje står i vegen for utvalde smårettar.

Kyrkja må stola på at kyrkjelydane med sine tilsette gjer kloke val. Det ber med seg ein risiko, for noko kan gå galt. Men å binda kyrkjelydane til ei ordning prega av regelstyring det må gå galt.